

**Vi vil ikkje sende ungane våre til Uskedalen.
Det gjer FAU-leiar Egle Aasamae ved Bringedalsbygda Oppvekstsenter
uttrykk for i eit oppslag i Kvinnheringen i dag.**

**Saman med FAU-leiarane ved Skarveland, Valen og Undarheim
protesterar dei mot rådmannen sitt høyringsutkast om
endra skulestruktur som dei meiner er korttenkt og kortsiktig.
Utkastet går mellom anna ut på overflytting av elevane frå
Herøysund til Uskedalen frå skulestarten i 2015.**

FAU ved Bringedalsbygda er redde for at også barnehagen vil forsvinna. Dermed vil ungane splitta og sende til ulike stader i kommunen. Leiarane ved dei 4 skulane ynskjer ein langsiktig plan som gir betre kvalitet og ikkje set fokus berre på økonomi. Elevane må få eit tilbod som er meir føreseieleg enn i dag og som peikar på langsiktige løysingar.